Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85 | Fylke: N. Trøndelag
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Verdal.
Emne: Tradisjoner m.m. | Bygdelag.
Oppskr. av: Jakob Dahl | Gard:
(adresse): Verdal | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Det var ikkje sømeleg å drepe dyr
som dei ikkje hadde nytte av
eller dei som ikkje gjorde skade.
Det var dei som unnsåg seg for
å drepe sovande eller kvilande
dyr.

2 Noen straff i samband med dette
har ein ikkje høyrd noko om.

3 Somme meinte at det fylgde ikkje
noko godt med jakt på sundagen.
Andre såg vel bort frå dette og gjekk
helst på jakt sundagen da dei
hadde best tid til det.

4 Skadeskutte dyr vart drepne av
dei som kom over dei. Hadde dei
tanke om noen som hadde skote
dyret vart det meldt til han.
Var det ulovleg vald og ulovleg
tid vart det meldt til lensmannen.

5 Kjenner ikkje til noen særskilde
forsiktighetsregler.

6 Det var ~~ikkje~~ ikkje bra å møte
eit kvinfolk når dei skulle ut på
jakt, heller ikkje å møte ein katt

7 Somme regel hadde eigaren av vallet
og skytteren ei semja om kva som

16411

Kvar av dei skule bra av dyret.
8 Kjenner ingen regler om at det var forbod om ikkje å eta ymse deler av dyra.
9 Nei, snuten av bjørnen vart ikkje skåre bort, dei ville at alt skulle fylgje huda, klor og pater og all anna skulle også fylgje med.
10 Det er heilt ukjennt at etterbyrden av binna til brøldam eller noko anna.
11 Her skar dei ikkje bort labben til bjørnen, dei skulle fylgje huda.
12 Kjenner ikkje til at elvetenner vart brukt til noko.
13 Fortellinger om at bjørner er eit godmodig dyr er henta frå eventyra. Ei gammal kone fortalde meg at det var ei kvinne som heitte Berit som vart teken inn i eit bjørnehi om hausten og vart der heile vinteren. Ho kom fri om våren og vart kalla Bjønberit.
14 På sætrane hadde dei ymse råder mot bjørnen for å skremme han frå området. Å skyte med laust krut, banke på blikkoppar og kjeler om kveldane, sette kvasse ljåer for fjøsdøra om kveldane. Dette var noko som han skulle vera redd for.
15 Her er det ukjent at ein kvinne verje mot rovdyr med å ta inn noko.
16 Heilt ukjent her.
17 Ukjennt her.
18 Ukjennt.
19 Ukjent
20 Ukjent
21 Ingen tradisjon om slikt her
22 Ingen slike råder er kjent

16411

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# II



23 Det er segner om at det var finner
som kunne stemme udyr med
buskapen

24 Det fortalt at det gjekk an å stemme
— klumse bjørnen, og det gjorde dei med
å stå stille å sjå stivt på han.

25 At nokon kunne skjemme geværet til
ein annan er ukjent.

26 Børsa vart skjemd ved å skyte katter.

27 Skulle børsa bli god att, måtte dei
skyte ei sølvkule gjennom løpet.

28 Skulle det vera ei kule av heilt sølv,
vart ho stoypt i ei form som dei
stoypte blykuler i. Det var ikkje
nødvendig at heile kula var av sølv.
Det var nok når eit stykke sølv
var lagt i løpet saman med kula.

29

Den siste bjørnen her i bygda
trur eg det var han eg møtte da
eg gjætte frå sætra sumaren 1885.
Eg visste om han da eg såg for og
anna merke etter, men det kom ikkje
for meg at han var farleg, da han
alldri tok noko krøter enda han
gjekk i lag med buskapen heile
sumaren utan at eg fekk sjå han
berre denne gangen. Han vart
skoten året etter. Han kunne gjerne
ha fått vere tel. Han livde av gras og
bær og gjorde ikkje folk eller fe noen
fortreed.

30 Innsig av bjørn, ulv og gaupe i dei
nordlige trakter er innvasjon frå
Sverige, der desse dyra er freda.
Dei kan varte tel stor plage
for husdyr som beiter i fjellet.

16411